



**Sigdal-
Eggedal**

SKOGEIERLAG

Årsmelding frå Sigdal - Eggedal skogeigarlag 2024

Styret i arbeidsåret har vore sett saman av:

- Leiar: Per Lyder Frøvoll
- Nestleiar og skrivar: Leiv L. Nergaard
- Kasserar: Endre Tovsrud
- Styremedlem og studieleiar Per Green
- Styremedlem: Gunn Frøvold

Varamedlemmar

- Lasse Stæhr
- Gina Rolfsrud

Styret har hatt seks fysiske møte. I tillegg har det vore ein god del samordning og anna arbeid via epost.

Representasjon

Per Lyder Frøvoll deltok på årsmøtet, haustmøtet og dei regionale leiarmøta i Viken Skog. Leiv L. Nergaard har vore skogeigarlaget sin representant i styret for Sigdal Utvikling AS, der han er styreleiar. Endre Tovsrud og Per green deltok for skogeigarlaget på skuleskogdagane

Deltaking i Sigdal Utvikling AS

Sigdal-Eggedal skogeigarlag er ein av fem «stiftande organisasjonar» i Sigdal Utvikling, og laget har krav på plass i styret. Leiv L Nergaard har hatt denne plassen, og er styreleiar. Den viktigaste oppgåva for Sigdal Utvikling dette året har vore å utarbeide Næringsplan for kommune. Denne vart vedteken av kommunestyret i desember.

Arbeid med nye naturtypar

Dei nye naturtypane har teke mykje av tida til styret i meldingsåret. Sommaren 2023 vart det meld inn eit svært stort areal med naturtypar i Sigdal. Desse skulle ha vore vurdert i samband med skogbruksplana. Kravpunkt nr 22 i Norsk PEFC skogstandard krev at kartfesta miljøinformasjon, som t.d. nasjonalt eller regionalt viktige naturtypar (A eller B) etter DN – håndbok nr 13, der dette ikkje har vor kjent i samband med utvelgjing av nøkkelbiotopar (her: siste skogbruksplan) skal det vurderast om det er grunnlag for ny(e) nøkkelbiotop(ar) før ein sett i verk skogbrukstiltak. Difor har styret i samråd med råka grunneigarar, Statsforvaltaren, Viken skog og skogbrukssjefen skipa eit «nøkkelbiotop-prosjekt» etter mønster frå eit vanleg skogbruksplanprosjekt.

Styret i skogeigarlaget er takstutval, som m.a. har sendt ut tilbodsinvitasjon til aktuelle registrantar. Viken Skog hadde det beste tilbodet og fekk tilslaget. Dei har drivi feltarbeid på hausten 2024, og resultatet av dei nye bruttolistene vart sendt grunneigarane i januar 2025. Frist for å melde attende til utvalsmøtet var 17. februar.

Stor granborkbille

Dei omfattande vindfalla 19. november 2021 har resultert i sterke angrep av stor granborkbille trass i mykje vindfallhogst. Likevel har det ikkje vore til å unngå at noko blir liggande att, og kombinert med ein del rotrykking og at det har vore varmt og turt på våren begge dei siste åra har det blitt massive billeskader mange stader i bygda.

Andre aktiviteter som styret i laget har drivi med for bygda og andelseigarane:

- Årsmøte 18. mars på Frydheim.
- Temamøte før årsmøtet om organisering av prosjektet for vurdering av dei nye naturypene. Innleiing ved kvalitets – og miljøsjef i Viken Skog, Diana Eckert og Skogbrukssjef Halldis Linde Lie.
- Med - tilskipar av skuleskogdagar for barneskulane fordelt over to dagar.
- Synfaring til dei nye naturtypane
- Sendt høyringsfråsegn om ny vernskoggrense
- Kombinert Haustmøte på Lampeland hotell og kappekurs på Moelven Numedal - Numedalsbruket. På Haustmøtet innleia styremedlem i Viken Skog, Anders Våla om m.a. skogkultur, skogfond og «det indre liv i Viken Skog». Styreleiar i Sigdal Utvikling, Leiv L.Nergaard la fram utkastet til Næringsplan for Sigdal og Regionssjef i tømmermålinga, Jarle Hunstad gjekk gjennom toleransekrava for sagtømmer. På Numedalsbruket fekk vi høve til å sjå sjølve saga i drift, målinga der tømmermålararen satt og ei meir nøyaktig oppmåling av utleggsstokkar ute på sagtomta. Tilskipinga var organisert som busstur, og det var om lag 60 deltakarar

Årsreknskap for Skogeigarlaget

Styret foreslår for årsmøtet at underskotet for året 2024 disponerast slik: Overførast til eigenkapitalen i Sigdal og Eggedal skogeigarlag kr - 4 127,78

Tømmersal og andelseigarar

I Sigdal og Eggedal var det 255 andelseigarar og av desse er det er 81 som har levert tømmer i 2024.

Tømmersal og prisar dei siste åra i Sigdal er:

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Avvirkning i kbm	54475	51450	63427	65914	50725	62253	62535	45 060	48 479	119 948	64439	68921
Bruttoverdi i m. kr	16,2	17,9	21,4	22,1	17,7	25,2	26,7	16,4	21,7	57,0	31,8	45,2
Gj.sn. tømmerpris	298	348	337	336	349	405	427	363	448	475	493	656
Viken Skog marknadsdel % i Sigdal											74	76

Styret i Sigdal – Eggedal Skogeigarlag vil takke skogbruksleiaren vår Viil Flaata, som har vikariert for Julie Baalerud Sand mykje av året for godt arbeid.

Stad: Eggedal Dato: 5/3 - 2023

Per Hyder Ervøll Enke Torsrud

Per Olsen Gunn Frøvoll